

Bygg 1 Produkter AS sine sals- og leveringsvilkår fyljer standarden for kjøp av byggjevarer, NS 8409. Med mindre noko anna er avtalt. Og Lov om Vegfraktavtaler § 40 samt NSAB 2015 (Nordisk Speditørforbunds alminnelige bestemmelser).

Ordrebekreftelse

Etter at du har sendt bestillinga, mottok du innan 24 timar ein ordrebekreftelse, som er endeleg avtale mellom Bygg 1 Produkter AS og kjøpar. På ordrebekreftelsen står avtalt mengde, pris og dato for når varene vert regna å verte leverte.

Leveransetidspunktet som vert angitt er ein preliminær dato.

Dersom du ikkje har mottoke ordrebekreftelse på di bestilling innan 24 timar, må du undersøkje om vi har mottoke bestillinga di.

Når varene vert sendt frå vårt lager, får ein kontaktperson i dykkar bedrift ein e-post med sporingslink frå transportselskapet. Dersom det er oppgitt telefonnummer til kontaktperson, vil transportøren ta kontakt før leveranse og du får da nærare informasjon om leveringsdag og tid.

Levering

Vår transportør er Posten Norge. Ved bruk av omfattande distribusjons- og terminalnettverk, hentar og leverer dei våre sendingar til mottakarar over heile landet.

Sendingane vert leverte på dagtid mellom klokka 07:30 – 16:30, dersom anna ikkje er avtalt med transportør.

For alle leveransar gjeld transport fram til adressa på køyrbar veg, dersom anna ikkje er spesifisert. Ved levering til leilegheit, leverast varene så nært hovudinngangsdøra distribusjonsbilen kan køyre.

Varene vert distribuert med lastebil, utstyrt med hydraulisk lastelem og jekketralle. Dersom det er behov for truck eller andre maskiner ved levering, må mottakar stå for dette sjølv.

Ved mottak skal varene inspiserast nøye. Synlege skadar på emballasje eller varer skal noterast på fraktbrevet før mottakar kvitterer. Dersom det skulle vise seg skjult transportskade ved utpakking, skal dette rapporterast omgåande. Dersom dette ikkje er følgt opp av mottakar utan ugrunna opphald, vert ikkje skaden erstatta av Bygg 1 Produkter AS eller transportør.

Transportselskapet leverer ikkje frå seg varer utan kvittering frå kunde eller stedfortredar. Mottakar er pliktig å ta imot og kvittere for sendinga.

Leveranse til øyer

Ved leveranse til øyer utan køyrbar veg, leverer vi til ei fast adresse på fastlandet. Mottakar må ta imot leveransen på fastlandet og deretter sjølv transportere varene vidare.

Vanskeleg handterbare produkt

Ved bestilling av store modular som tofløya ytterdører, pliktar kjøpar å sørge for tilrettelegging for mottak av dette

Leveranse utanfor Norge

Bygg 1 Produkter AS leverer og administrerer berre ordrar til Norge, med unntak av Svalbard.

Delt ordre

Det kan skje at ordra vert delt opp i fleire leveransar.

Ved spørsmål om delt leveranse, vennlegast kontakt oss på: post@bygg1.no.

Leveringstid

Lagerførte varer leverast normalt i løpet av 2-3 virkedagar til Sør-Norge og 5-7 virkedagar til Nord-Norge. Ikkje lagerførte produkt som må bestillast frå fabrikk, vil ha lengre leveringstid. Det kan ta opp til 8-10 veker.

Forsinkelsar

Ved forsinkelsar informerast du om mogleg alltid om dette.

Ikkje mottatt / henta ordre

Kjøpar skal ved mottak av varene kontrollere at det er samsvar mellom bestilling, pakkseddel og mottatte varer.

Om du ikkje er møter ved lossing av din bestilling, vert kjøpar ansvarleg for dei kostnadar som oppstår. Dette gjeld også pakkar som leverast til uthentingsstad og som ikkje vert henta

Transportskadar

Tap, skade eller manko som er synleg ved mottak, skal noterast på fraktbrevet, eller meldast umiddelbart. Skade som ikkje er synleg ved mottak, skal meldast utan ugrunna opphald. Frist for å melde inn transportskade er seinast 7 dagar etter mottaksdato.

Mottakar pliktar å syne fram bevis på at skade oppsto før mottak, ved å ta bilde av produkt som fortsatt er emballert i originalinnpakning.

Det må kunne dokumenterast at skaden er påført før mottak, ved å ta bilde av palle, skada emballasje og skade på produkt.

I h.t. Lov om Vegfraktavtaler § 40 samt NSAB 2015 (Nordisk Speditørforbunds alminnelige bestemmelser.)



Retur

Ved retur av varer der årsak ikkje kan lastast Bygg1, blir det 25 % avkorting på kreditnotaen. Transportkostnader ved retur dekkast av kunden.

Reklamasjonar

Reklamasjonsretten fell bort for alle skader som skyldast feil handtering, lagring, montering, bruk eller manglande vedlikehald. Våre produkt skal handterast og monterast fagmessig og etter vår monteringsinstruks og vedlikehaldsråd.

Reklamasjonsretten fell bort dersom produktet vert montert i eit klima som ikkje var tiltenkt det aktuelle produktet.

Det er ikkje reklamasjonsrett på produkt montert i strid med monteringsveiledninga. Er produktet montert og tatt i bruk, vert det å regne som at produktets utføring og overflate er akseptert.

Sjå veiledning som følgjer med produktet eller på vår heimeside: www.bygg1.no

Mangel føreligg dersom aktuelle varer på leveringstidspunktet ikkje er i samsvar med dei krav til art, mengde, kvalitet, andre eigenskapar og emballering som fyljer kontrakt, og dette skyldast forhold som seljar svarer for jf. NS8409 pkt. 11.1

Kjøpar kan gjere mangelansvar gjeldande, så lenge det er reklamert i rett tid, jf. NS8409 punkt 12.1 og 12.2. Seglar har rett til å foreta retting eller levere ny vare dersom dette ikkje er til vesentleg ulempe for kjøpar.

Reklamasjonar skal sendast skriftleg til Bygg 1 Produkter AS på e-post; post@bygg1.no. Bruk reklamasjonsskjemaet som du finn på vår heimeside. Bilder som viser problem, prod. dato/ prod. serie og avstandsfoto (gjeld ytterdører) skal leggest ved.

